

## Innføring av ordning med praksisbrev for elevar ved Kvinnherad vidaregåande skule.

### 1. Innleiing:

Praksisbrev er eit særleg tilrettelagt toårig opplæringsløp. Opplæringa er i utgangspunktet open for alle, men er særleg retta mot dei som etter avslutta grunnskule ønskjer ei meir praktisk opplæring enn fullt fagbrev, i løpet av på fire år.

Etter fullført praksisbrev skal kandidaten kunne fortsetje opplæringa og oppnå full kompetanse innan faget i løpet av ordinær opplæringstid i vidaregående opplæring.

Praktisk arbeid og opplæring i bedrift er det viktigste skiljet mellom praksisbrev og ordinær opplæring i Vg1 og Vg2. Forskninga viser at det er praksisen som er det mest utslagsgjenvende for at kandidatane har klart å gjennomføra opplæringa.

Styringsgruppe: Jannice Rasmussen (spes.ped. koordinator), Ole Bjarte Røssland (Leiar Opplæringsenteret), Kjell Erik Taranger (avd.leiar yrkesfag), og faglærarar ved SS og RM.

Oppstart: Hausten 2016

### 2. Bakgrunn for søknaden

Vi ser i søkerlistene at vi har mange elevar med fleire IV og karakterane 1 og 2 på vitnemåla sine. Elevresultata vert gradvis svakare. Vi ser og fleire elevar med skulevegring og særdeles høgt fråvær ved innsøking. Vi meinar difor at søkergrunnlaget til praksisbrev er på plass. Vi har mange elevar som godt kunne ha profittert på eit utdanningsløp som skissert.

Skulen vår har basert på tidlegare arbeid knytt til lærebedrifter eit betydeleg kontaktnett som kan nyttast i arbeidet med å knytte seg til praksis- og lærebedrifter.

Skulen vår har òg lokalitetar som kan nyttast retta mot både SS, BA og RM-faga. Fagmiljø og lærarar er òg på plass.

KvV har ei eiga avdeling ved Valen sjukehus, Valekrossen skule. Dette har gjeve oss god røynsle med elevar som har psykiske utfordringar, som treng særskilt tilpassa skulekvardag.

---

### 3. Mål

- Auka gjennomføringa for elevar med svakt karaktergrunnlag og stort fråvære frå ungdomsskulen.
- Fanga opp framandspråklege med mangefullt grunnlag i norsk.
- Gje eit relevant tilbod til elevar som er «skuletrøyte», og som ønskjer ei mest mogeleg praktisk retta opplæring på vidaregåande nivå.
- Få ned talet på elevar som fell frå i løpet av skuletida, eller som ikkje oppnår stå-karakterar i alle fag ved skuleslutt.

### 4. Aktivitetar

Aktivitet	Tidsrom	Ansvarleg
Samarbeida med rådgjevarane på ungdomsskulane før og etter søknadsfristen til vidaregåande	Januar - Mars -16	Rådgjevarane, KVV
Invitera aktuelle elevar og føresette til samtale kring ordninga med praksisbrev	Mars-April -16	Rådgjevarane Faglærarar
Etablira gruppene, fordelt på RM, SS og BA	April-Mai -16.	Rådgjevarane Faglærarar
Oppstart	August -16	-«-
Undervegsevaluering	Anna kvar månad, skuleåret 2016/17	Styringsgruppa

### 5. Organisering

*Om mogeleg: Samla klasse i fellesfaga norsk (NOR1206), matematikk (MAT1001) og samfunnsfag (SAF1001). NIFU, Norsk institutt for studier av innovasjon, forsking og utdanning, har evaluert forsøk med praksisbrev. Sjå rapporten «Disse ungdommene hadde nok ikkje fullført (Rapport 7/2011). NIFU tilrår at klassen vert delt i fellesfaga. Særleg matematikk og samfunnsfag vart for vanskeleg for elevane i full klasse. Elevane må vidare få tett oppfølgjing av faglærarar i praksis.*

### 6. Plan for kompetanseutvikling og erfaringsdeling

*Skulen må ha eit tett samarbeid med fagopplæringskontoret, praksisbedriftene, rådgjevarane på ungdomsskulane, Oppfølgjingstenesta og andre institusjonar eller einskildpersonar det til ei kvar tid er naturleg å dra med i arbeidet for ei vellukka gjennomføring.*

*Dersom vi får etablert tilboden, vil vi nyttiggjera oss opparbeidd kompetanse hjå andre fylke, til dømes Rogaland.*

## 7. Struktur

### Kokkefaget:

Praksisbrev i kokkefaget består av eit utval kompetanse mål henta frå programfag frå Vg1 restaurant- og matfag, Vg2 kokk- og servitørfag og hovudområder fra Vg3 kokkefag.

Årstrinn	Programfag			
Vg1 restaurant og matfag	Råstoff og produksjon	Kosthald og livsstil	Bransje, fag og miljø	
Vg2 kokk- og servitørfag	Råvarer og produksjon	Kosthald, ernæring og helse	Servering, bransje og miljø	
Hovedområde				
Vg3 kokkfaget	Råvarer og produksjon	Meny	Hygiene og kvalitetsstyring	Bransje, bedrift og miljø

### Tømrarfaget/ byggfaget:

Praksisbrev i tømrarfaget består av eit utval kompetanse mål henta fra programfag frå Vg1 bygg- og anleggsteknikk, Vg2 byggteknikk og hovudområder fra Vg3 tømrarfaget.

Årstrinn	Programfag	
Vg1bygg- og anleggsteknikk	Produksjon	Teikning og bransjelære
Vg2 byggteknikk	Produksjon	Bransjelære
Hovedområde		
Vg3 tømrarfaget	Produksjon	Bransjelære

---

## Salsfaget/ Service og samferdsel:

Praksisbrev i salgsfaget består av eit utval kompetanseomål henta frå programfag frå Vg1 service og samferdsel, Vg2 sal, service og tryggleik og hovudområder frå Vg3 salsfaget.

Årstrinn	Programfag		
Vg1 service og samferdsel	Planlegging,	Drift og oppfølging	Kommunikasjon og service
Vg2 sal, service og tryggleik	Sikkerhet		Markedsføring og sal
	Hovedområde		
Vg3 salgsfaget	Salsførebuing	Sal og oppfølging	

Husnes, 30.11.-15

Rektor: .....

(Signatur)